

«MOTTAKERNAVN»  
«ADRESSE»  
«POSTNR» «POSTSTED»Dato: 29.11.2017  
Vår ref.: 2014/1230-213  
Saksbehandlar: lisadla  
Dykkar ref.: «REF»

«KONTAKT»

## Svar på søknad om tilskot til lokale trafikksikringsarrangement - 1. november 2017

Det vert vist til dykkar søknad om tilskot til lokale trafikksikringsarrangement. Det vart i alt motteke fire søknader innan fristen 1. november 2017.

Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland (FTU) har i møte 28. november 2017 handsama søknadane og gjorde slikt vedtak:

*Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) fordeler tilskotsordning av 1. november 2017 til lokale trafikksikringsarrangement slik;*

| Søklar             | Søknadssum | Tilskotssum |        |
|--------------------|------------|-------------|--------|
| Bømlo vidaregåande |            | 17 750      | 10 000 |
| Bømlo kommune      | 30 000     |             | 30 000 |
| Os kommune         | 75 000     |             | 60 000 |

*FTU ønskjer at Hordaland fylkeskommune støttar Etertankens dag, minnemarkering. FTU løyver kr 90.000,- til dette frå den ubrukte ramma til FTU i 2017, og ber administrasjonen om at løyvinga frå og med 2018 ikkje vert teken frå potten trafikksikringsmidlar.*

Møteprotokoll og saksdokumentet for saka (sak 34/17) finn de her:  
<http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Dmb/DmbMeetingDetail?meetingId=691>

Det er ein føresetnad at det kjem fram at Hordaland fylkeskommune stør opp om tiltaket. Om det skal nyttast logo, så finn de denne her: <http://www.hordaland.no/nn-NO/om-oss/grafisk-profil/#theme>

FTU viser til at tilskot vert gjeve under føresetnad av at Hordaland fylkeskommune sin revisor kan gjennomføre kontroll med at tilskotet vert forvalta slik det går fram av søknaden og vedtaket.

Søklarar som får innvilga tilskot, skal levere kortfatta rapport på eige skjema for bruk av tilskotet, samt eit rekneskap. Dette skal gjerast så snart arrangementet er avslutta, men seinast innan 2 månader etter arrangementet er avslutta. Dersom rapport ikkje er levert innan fristen er det grunnlag for at evt. søknad ved seinare høve ikkje vert handsama.

Utbetaling av tilskotet skjer når rapporteringsskjema med rekneskap er sendt inn. Rapporteringsskjema finn de på Hordaland fylkeskommune si nettside: <http://www.hordaland.no/nn-NO/vegogtransport/trafikksikring2/tilskot-til-lokale-trafikksikringstiltak/>

John Martin Jacobsen  
leiar

Lise Fauskanger Ådlandsvik  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Adresseliste:  
Ettertankens dag Hordaland  
Bømlo kommune  
Bømlo vidaregåande skule  
Os kommune